



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

## Informasjon om driftsgranskingane

### Deltaking i driftsgranskingar i jord- og skogbruk

Det er gjort årlege driftsgranskingar i jord- og skogbruk frå 1910. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har ansvaret for gjennomføring av driftsgranskingane. NIBIO har hovudkontor i Ås og er til stades 18 stader i landet. Driftsgranskingane vert utførde ved kontora i Oslo, Bergen, Trondheim og Bodø. Sidan 1950 har talet på deltakarbruk i driftsgranskingane halde seg rundt 1 000, dei siste tiåra noko i underkant.

Deltakarbruken vert valde ut ved tilfeldig utval på grunnlag av produksjonstilskotsregisteret. Bruka er grupperte etter fylke, produksjon og omfang.

Driftsgranskingane er den viktigaste kjelda til informasjon om driftsmessige og økonomiske tilhøve på norske gardsbruk. Dei vert nytta som grunnlag for både næringsøkonomiske avgjerder, forsking og rådgjeving.

Deltakarbruken skal representere ulike bruksstorleikar og driftsformer. Ved utarbeiding av driftsgranskingane vert den einskilde gardsrekneskapen gjort om til driftsrekneskap. Gardsrekneskapen er gjort opp for skatte- og avgiftsføremål og syner ikkje like godt det driftsmessige resultatet. Driftsrekneskapen gjev eit betre bilet av den økonomiske sida av gardsdrifta. Dette oppnår ein ved mellom anna å nytte andre avskrivingsreglar, andre verdiar på buskap og varelager. Vidare tek ein omsyn til huslyden sitt eige arbeid i samband med nyanlegg på garden. I samband med driftsgranskingane vert også inntekt utanom bruket registrert. Dette gjeld både lønsinntekt og kapitalinntekt. Vidare vert all formue og gjeld registrert. Dette vert gjort for å få ei betre oversikt over totaløkonomien på det einskilde bruk.

Økonomien til ein brukarfamilie er ofte tett samanvevd når det gjeld økonomien knytt til sjølve gardsdrifta og meir private disposisjonar. Då rammevilkåra i jordbruket har endra seg, syner driftsgranskingane at brukarfamilien hentar ein større del av samla inntekter utanom det tradisjonelle jordbruket. For å kunne fange opp slike utviklingstrekk må heile inntekta til huslyden vera med. I driftsrekneskapen kjem ein fram til resultatmål som driftsoverskot, arbeidsfortenesta til familien, lønsevne og vederlag til arbeid og eigenkapital. Inntekt utanom bruket kjem med i oppnådd nettoinntekt. For å måle det økonomiske resultatet per årsverk eller per time er det nødvendig å ha eit uttrykk for kor mange arbeidstimar som er gått med i drifta. Deltakarane i driftsgranskingane fører derfor enkle arbeidsnoteringar.

Ved årsskiftet ber vi om innsending av arbeidsnoteringar, m.m. Deltakarane kan sjølv velje mellom å nytte notatbok på nett eller notatbok på papir. I notatboka skal det i tillegg til arbeidstimar fyllast ut avlingsmengder (t.d. m<sup>3</sup> silofôr eller stk rundballar) og kor lenge dyra har gått på beite. Dette blir nytta til å rekne ut förproduksjonen på garden. Ein noterer samstundes kor stort varelager ein



NIBIO

har av ymse slag (t.d. grovför, kraftför, gjødsel, konserveringsmiddel m.m). Rett varelager er nødvendig for å kome fram til eit rett driftsmessig resultat for det enkelte år.

For noteringsarbeidet vert det utbetalt ei godtgjering som for tida er kr 1000 per år for timenoteringar og kr 300 for dei andre noteringane. Når gardsrekneskapen er gjort opp for skatt og likningspapira er leverte inn, ber NIBIO om å få tilsendt rekneskapen elektronisk. Det betyr oversending av rekneskapsrapportar og likningspapir. Den som sender inn rekneskapen, (rekneskapskontoret eller brukaren) får honorar for innsendinga. Dei fleste som har rekneskapsførar/-kontor vel at dei sender inn rekneskapen til NIBIO. Honorara varierer etter når rekneskapen vert sendt inn, sjå tabellen under. I tillegg får brukaren kr 400 for utlån av rekneskapen. Når driftsrekneskapen er ferdig, får deltakarane tilsendt ein driftsanalyse der tal frå eige bruk er jamførde med tilsvarende tal for 2 år før. På slutten av året sender vi ut ein ny analyse med samanlikning med andre bruk med same driftsform og storleik.

Det vert ikkje publisert tal frå enkeltbruk, berre middeltal for grupper av bruk. Alle opplysningar vert handsama konfidensielt. Deltakarane inngår ein skriftleg avtale med NIBIO. Denne avtalen gjer mellom anna at NIBIO kan hente inn data frå andre kjelder enn rekneskapen, til dømes frå Tine, Landbruksdirektoratet, ku- og geitekontrollen, Nortura med fleire.

Anonymiserte data vil bli lagra hos NIBIO og kan nyttast til forsking. Personopplysningslova regulerer korleis persondata skal handsamast. I følgje lova har NIBIO rolla som handsamingsansvarleg, og Norsk senter for forskningsdata (NSD) er personvernombod for NIBIO. Alle persondata vil bli sletta når deltakarane avsluttar deltaking i driftsgranskingane.

Å vera med i driftsgranskingane er frivillig, og deltakarane avgjer kor lenge dei vil vera med. Avtalen om deltaking i driftsgranskingane gjeld til han blir sagt opp av ein av partane. Den inngådde avtalen gjeld også som samtykke for handsaming av personopplysningar. Deltakarane kan når som helst trekke samtykket sitt utan å måtta gje opp nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle personopplysningar om deg bli sletta ved årsskiftet.

#### Oversikt over honorara 2024

Honorar til deltakar	Beløp	Honorar for innsending av rekneskap frå deltakar/rekneskapskontor	Beløp
Deltaking i driftsgranskingane	Kr 400	Innsending av rekneskap	Kr 525
Timeregistreringar	Kr 1000	Innsending av rekneskap før 15. april, tillegg	Kr 400
Avlings-/tilleggsopplysningar	Kr 300	Innsending av rekneskap før 5. juni, tillegg	Kr 250
Skogskjema	Kr 260		